

# Bacheloroppgåve

Sara Vinje Kleiven

## Ansvar og omsorg i Olaug Nilssens *Uønska åtferd* (2023)

Bacheloroppgåve i nordisk språk og litteratur

Rettleiar: Silje Haugen Warberg

Mai 2024



Sara Vinje Kleiven

# **Ansvar og omsorg i Olaug Nilssens Uønska åtferd (2023)**

Bacheloroppgåve i nordisk språk og litteratur  
Rettleiar: Silje Haugen Warberg  
Mai 2024

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Det humanistiske fakultetet  
Institutt for språk og litteratur





## **Samandrag**

Oppgåva sitt mål er å undersøkje kva ansvars- og omsorgsutfordringar familiar med eit utviklingshemma barn opplever i forbindelse med seksualitet og seksuelle overgrep. Tematikken i seg sjølv er sår og komplisert uavhengig av om dei innblanda er utviklingshemma eller ikkje. Romanen fremjar konfliktar knytt til overgrep mot og av utviklingshemma personar, og kastar lys over korleis konsekvensane av seksuelle overgrep kan vere ulike avhengig av om overgriparen eller offeret er utviklingshemma eller ikkje, og av om offeret er mindreårig. For å forstå dei ulike perspektiva og tilnærningsmåtane som blir presenterte i romanen, blir litteraturvitar Amelia DeFalco sin teori om paraordinær omsorg, nytta. Utypiske familiesituasjonar medfører utypiske tilnærningsmåtar og forståingar av seksualitet, og beviser at det kan vere vanskeleg for foreldre til utviklingshemma barn å ta ansvar og vise omsorg for barna sine, særleg når det eine har ein alvorleg grad av autisme, medan det andre er funksjonsfriskt.

## **Abstract**

The article's goal is to examine which challenges concerning responsibility and care families with a developmentally disabled child experience in relation to sexuality and sexual assaults. The subject matter is in itself delicate and complicated, regardless of whether those involved are developmentally disabled. The novel discusses conflicts conjoined with assaults of and by developmentally disabled persons, and sheds light on how the consequences of sexual assaults can vary, regardless of whether the assailant or the victim is developmentally disabled, and of whether the victim is a minor. To understand the different perspectives and approaches which are presented in the novel, literary scholar Amelia DeFalco's theory about para-ordinary care, will be used. Atypical family situations result in atypical approaches and understandings of sexuality, and proves that parents of developmentally disabled children can have difficulties showing responsibility and caring for their children, especially when one of them is affected by severe autism, while the other is non-disabled.

# Innhaldsliste

1. Introduksjon	4
Pårørande si rolle i samtidslitteraturen	5
Dreiinga mot pårørandelitteratur i Nilssen sitt forfattarskap	7
2. Kva er omsorg?	10
3. Å skildre kjensler – Katrine sitt forteljarperspektiv	16
4. «Uønskt åtferd» eller overgrep?	20
Kven sitt ansvar er det å hindre overgrep?	22
Avslutning	24

# 1. Introduksjon

Romanen *Uønska åtferd* (2023) av forfattar Olaug Nilssen deler ei historie om søskena Janne og Jostein, og foreldra Katrine og Gunnar. På historia sitt handlingsplan er Jostein 17 år, og Janne 15. Jostein er diagnostisert med ein alvorleg grad av *autisme*, ein diagnose som Helsenorge definerer som ei psykisk utviklingsforstyrring som mellom anna kan medføre sosiale utfordringar, kommunikasjonsvanskar og gjentakande åtferdsmønster (Helsenorge, 2023). Romanen, som er fortald i fyrste person frå Katrine sitt synspunkt, skildrar dei årelange utfordringane familien har måttå leve med som følge av Jostein si utviklingshemming, og viser ein familie som er utslitne av å ha måttå vere omsorgspersonar for han, på kostnad av si eiga fritid, helse og innbyrdes relasjonar. Sentralt i dette står spørsmålet om kor mykje ansvar foreldra faktisk har for Jostein, og kor mykje dei kan forvente at Janne bidrar i omsorgsarbeidet som broren hennar treng.

Hovudkonflikten i romanen er Jostein sin seksualitet og utfordringane familien opplever når han ukontrollert gjer seksuelle framstøyt mot dei. Det heile kulminerer med at han er seksuelt utagerande overfor Janne, og som ein konsekvens tar Katrine Jostein med seg og flyttar til hytta. Men det er ikkje berre Janne som blir utsett for eit seksuelt overgrep. Når Katrine skal lære den mindreårige sonen sin korleis han kan tilfredsstille seg sjølv, innser ho ikkje at det ho gjer for og mot han, også er eit seksuelt overgrep. I tillegg blir Katrine sjølv utsett for eit overgrep av ein annan utviklingshemma person når han gjer eit seksuelt framstøyt mot ho, men Katrine nektar å innsjå at nokon av desse overgrepene faktisk er overgrep, nettopp fordi overgripene er utviklingshemma og ikkje forstår at det dei gjer, er galt. Synet hennar viser den store konflikten om kva ansvar dei utviklingshemma personane har for åtferda si, kva ansvar dei pårørande har for å lære dei å tilpasse åtferda si, og korleis dei pårørande kan vise omsorg for dei sjuke og for kvarandre utan å la det gå på kostnad av den sjuke eller sine eigne grenser.

Omgrepa *omsorg* og *ansvar* blir relevante i debatten om dei ulike omsyna ein må vise til høvesvis utviklingshemma og funksjonsfriske personar i forbindelse med seksualitet og seksuelle overgrep. Som forelder vil ikkje Katrine at Jostein si utviklingshemming skal hindre han i å ha ei seksuell helse, og vil vise han omsorg ved å lære han å tilfredsstille seg sjølv. Den tilsynelatande omsorgsfulle handlinga slår derimot hardt tilbake når han forgriper seg på Janne, og Katrine ikkje fattar korleis ho faktisk opplever å ha blitt utsett for eit overgrep av bror sin. Som forelder har ho ansvar for at begge barna hennar har det bra, utan at lykka til den eine går på kostnad av lykka til den andre. Katrine stengjer tilsynelatande ute kjenslene som kjem med

å ha blitt utsett for eit overgrep, med den logikken at ein utviklingshemma person ikkje har vonde intensionar, og derfor ikkje kan haldast ansvarleg. Janne treng derimot ikkje at Jostein blir heldt ansvarleg, men heller ei mor som forstår den vonde kjensla og utryggleiken ho føler på.

Problemstillinga som denne oppgåva vil ta føre seg, er korleis konflikten om seksualitet og seksuelle overgrep utført mot og av utviklingshemma personar, kan sjåast frå eit omsorgsperspektiv. Noko eg snart skal sjå nærare på, er at *omsorg* ikkje har ein eintydig definisjon, og at omgrepene er relativt avhengig av kven som treng omsorg og korleis ho blir mottatt, om det kjem til uttrykk i form av handling, og i så fall om kven som utfører handlinga. Slik skal eg undersøkje korleis omgrepene *omsorg* og *ansvar* kan nyttast for å studere familiedynamikken i *Uønska åtferd* med omsyn til dei seksuelle overgrepene, og korfor Katrine si rasjonelle haldning kan vere problematisk både for Jostein og Janne.

## Pårørande si rolle i samtidslitteraturen

Denne oppgåva skriv seg inn i ei auka interesse for sjukdom i samtidslitteratur dei siste åra. Pårørandeforteljingar fremjar ofte perspektivet til den primære omsorgspersonen. Nilssen sine tidlegare verk som omhandlar relasjonen mellom foreldre og autistiske barn, til dømes *Tung tids tale* (2017) og *Yt etter evne, få etter behov* (2020) er i all hovudsak fortalte frå synspunktet til den eller dei som har hovudansvaret for den sjuke, og som interagerer mest med hen i kvardagen. Ein kan tenkje seg at dette perspektivet er populært i sjukdomslitteratur fordi dei primære omsorgspersonane tilsynelatande blir påverka mest av å vere pårørande for ein sjuk person. Litteraturvitar Jeffrey Berman skriv i boka *The Art of Caregiving in Fiction, Film, and Memoir* at mange omsorgsgjevarar opplever symptom som utbrentheit, isolasjon, stress, depresjon og fortviling som ein konsekvens av alt arbeidet som kjem med å ta vare på ein sjuk person (2020, s. 2). Viss ein ikkje står i ein slik situasjon sjølv, kan det vere vanskeleg å forestille seg alle utfordingane omsorgsgjevarar kan oppleve, noko som har gitt rom til ein type tekster som vi kan kalle *pårørandelitteatur*, der menneske som er pårørande kan dele personlege opplevelingar med å vere omsorgsgjevar for ein sjuk person med omverda.

Dei siste åra har norske litteraturvitarar òg forska på norsk pårørandelitteratur. Ingri Løkholm Ramberg (2023) med sitt fokus på korleis pårøranderolla blir framstilt i Sara Stridsbergs *Beckomberga* (2014), Nora Simonhjell (2023) som undersøkjer Olaug Nilssens tematisering av ansvar og omsorg for autistiske barn i *Yt etter evne, få etter behov* (2020) og Linda Nesby, som i artikkelen *Curografi – Innflytelse og løsrivelse i pårørendefortellingen som*

genre og i Hanne Ørstaviks *ti amo* (2020) (2023) introduserer omgrepet *curografi*. *Curografi* er pårørandeforteljingar der fokus og perspektiv ligg på den pårørende forteljaren, og opptrer slik som det motsette av *patografi*, som har den sjuke og hens sjukdom i fokus (Nesby, 2023, s. 223). Nesby si konkretisering av denne typen tekster er relativt ny og dermed ikkje enno utbreidd som fagomgrep i forskingsfeltet *pårørandelitteratur*. Likevel er det sentrale i dei nemnde litteraturvitarane si forsking at det er den pårørende sitt perspektiv som står i fokus, medan den sjuke og hens sjukdom berre er bakgrunnen for historia.

Nora Simonhjell forklarar i artikkelen «*men nåken må nå gjer det*» at *pårørandeforteljingar* er historier der dei sentrale karakterane er pårørende, og moglegvis omsorgsgjevarar, til sjuke personar (2023, s. 4). Men sjølv om fleire av forteljingane innan *pårørandelitteraturen* fokuserer på den primære omsorgsgjevaren sine erfaringar, må ein ikkje tru at det berre er desse som kan oppleve psykiske utfordringar og stresset som kjem med å vere i eit miljø der ein person er sjuk og treng ekstra omsorg.

Helsedirektoratet deler opp omgrepet *pårørende* i to definisjonar: *næraste pårørende* og *pårørende*. Det meir generelle omgrepet *pårørende* er alle menneska som har varig kontakt med den sjuke, som regel familie. Viss den sjuke er umyndig, vil vanlegvis foreldra og søskjen over 18 år bli vurdert som pårørende (Pasient- og brukerrettighetsloven, 1999, §1-3). Næraste pårørende er personen/personane som den sjuke vel ut som sin næreste pårørende. I høve der den sjuke ikkje er i stand til å tildele nokon denne rolla, blir den næreste pårørende den eller dei av dei pårørende «som i størst utstrekning har varig og løpende kontakt med pasienten» (Pasient- og brukerrettighetsloven, 1999, §1-3). Ein sentral del av å vere *næraste pårørende* er at dei har pliktar og rettar overfor den sjuke, og har med det eit formelt ansvar for hen. Dei næreste pårørende sine roller kan vere å representere den sjuke, få informasjon fra helsepersonell og klage på vedtak gjeldande den sjuke (Pasient- og brukerrettighetsloven, 1999, §1-3).

Ifølgje desse definisjonane blir ikkje femten år gamle Janne rekna som næreste pårørende for den sjuke broren sin fordi ho er umyndig og dermed ikkje kan ta på seg eller bli tildelt ei slik rolle. Men ettersom eg vel å undersøkje korleis den *pårørende familien* blir påverka av dei seksuelle overgrepene og mot den sjuke, vil eg likevel referere til Janne som pårørende, ettersom ho blir sterkt påverka av Jostein sine åtferdsutfordringar knytt til seksualitet. Med omsyn til at både Janne, Katrine og Gunnar bur med Jostein og kommuniserer med og hjelper han dagleg, ville eg definert alle tre som *næraste pårørende*, men for å vise skilnaden mellom Janne og foreldra, som har ulikt ansvar og pliktar overfor Jostein, både med omsyn til lova og i praksis, vil eg referere til foreldra som *primære pårørende* og til Janne som

*sekundær pårørande*. Det eg legg i definisjonen *primær*, er personane som ifølgje loven har hovudansvaret for den sjuke, ettersom dei er foreldra hans og har ansvar for han på same måte som dei har ansvar for Janne til fylte 18 år. Det er også Katrine og Gunnar som tar på seg hovudansvaret for Jostein, og forventar ikkje det same av Janne som dei gjer av seg sjølve. Janne er dermed *sekundær pårørande* fordi ho og foreldra veit at ho ikkje har hovudansvaret for broren, men at ho heller hjelper til der det trengst. Foreldra Katrine og Gunnar har dermed ansvaret for barna sine på same måte som alle foreldre ifylgje lova er pliktige i å ta vare på barna sine, og kan bli straffa viss dei ikkje gjer det.<sup>1</sup> Søsken har lov til å hjelpe til med å ta vare på kvarandre, men dei kan ifylgje lova ikkje bli gjevne eit formelt ansvar før dei er myndige. Janne er derfor eit barn som bur i same hus som ein sjuk gut. Ho hjelper til med, og blir påverka av, arbeidet foreldra gjer for han og ansvaret dei har, og åtferdsutfordringane hans og kva dei medfører for familien.

## Dreiinga mot pårørandelitteratur i Nilssen sitt forfattarskap

Olaug Nilssen debuterte som forfattar i 2005 med romanen *Få meg på, for faen*, men tok ikkje opp tematikken om autistiske barn før i dramaet *Stort og stygt* (2013). I ettertid har ho også vore aktuell med to romanar, *Tung tids tale* (2017) og *Yt etter evne, få etter behov* (2020). Historiene fortel om opplevingane til ulike familiar som har det til felles at dei har eit autistisk barn. Begge historiene er fortalte av omsorgspersonane til guten, som skildrar ulike kjensler av å vere overvelta, utslitne og frustrerte av å ikkje få den hjelpa dei treng, både frå offentlege tenester og familien sjølv. Nilssen har tidlegare delt at særleg *Tung tids tale* er inspirert av hennar eige liv og hennar personlege opplevingar med å ha eit autistisk barn (Skølev, 2020). *Yt etter evne, få etter behov* er ifølgje Nilssen ikkje basert på verkelege hendingar frå hennar eige liv, men skildrar framleis ei historie der den sjuke står i sentrum av handlinga, og korleis dei pårørande blir direkte påverka av handlingane til den sjuke (Skølev, 2020). *Uønska åtferd* skil seg dermed frå sine forgjengrar ved at den sjuke nesten ikkje er med i sjølve handlinga i romanen, men framleis er utgangspunktet for korleis resten av familien handterer å vere pårørande, og korleis deira innbyrdes relasjonar er eit resultat av 17 år med å ha prioritert den sjuke framfor seg sjølve og kvarandre.

---

<sup>1</sup> Her refererer eg sjølvsagt ikkje til foreldre som av ulike grunnar ikkje er i stand til å ta vare på barna sine og som har måttå gje foreldrerolla til ein annan myndig person.

*Uønska åtferd* fremjar dermed same type historie, men med eit unikt perspektiv med fokus på resultatet av å ha oppdratt eit sjukt barn i same hus som eit friskt barn, og den årelange utviklinga av familielasjonane. Innanfor sjangeren *pårørandelitteratur* skil *Uønska åtferd* seg ut ved at han har fokus på korleis søsken og barn kan bli påverka av å vere pårørande. I førre del introduserte eg omgrepa *primær* og *sekundær* pårørande, der *primær* i denne samanhengen refererer til Jostein sine foreldre, medan *sekundær* refererer til Janne, som ikkje har eit etablert ansvar for å ta vare på broren, men som likevel får rolla som omsorgsperson fordi ho veks opp i same hushald som foreldra som har ansvaret for han, og ufriviljug blir vitne til, og offer for, Jostein sin krevjande oppførsel. I kronikken *Alle vil se Tangerudbakken, ingen vil se virkeligheten* (2023) skryt forfattar Elin Ørjasæter, som sjølv har vore eit pårørande barn for sin autistiske storebror<sup>2</sup>, av Olaug Nilssen for framstillinga av autistiske personar i *Uønska åtferd*. «Hvordan fremstilles utviklingshemmede i medier og litteratur? Slik folk vil ha dem. Alle vil se *Tangerudbakken* på tv, ingen vil se mannen som rautende gnir ereksjonen sin mot en tilfeldig forbipasserende» (Ørjasæter, 2023). I sin tidlegare kronikk, *Elin Ørjasæter om å vokse opp med en autistisk bror* (2016), påstod ho at «Å få et [utviklingshemmet] barn og ha et slikt søsken ødelegger enhver familie. Også vår». Sju år seinare, og etter å ha lese *Uønska åtferd*, angrar ho på ytringa, og seier at for somme familiarar finst det ei *happy ending*, og det er at det utviklingshemma barnet får plass på institusjon (Ørjasæter, 2023). I *Uønska åtferd* handlar den problematiske familielasjonen utelukka om dei som *ikkje* er utviklingshemma, og ein får slik innsyn i kva konsekvensar den pårørande familien og søskenet må leve med. Som pårørande sjølv, beundrar Ørjasæter Nilssen sitt fokus på pårørande søsken.

Tidlegare leiar av *Norsk Forbund for Utviklingshemmede*, Jens Petter Gitlesen, kritiserer Ørjasæter i sin kronikk *Elin Ørjasæters ulykkelige barndom* (2016) for å generalisere alvorsgraden av autisme som broren hennar har. Han viser til artikkelen *Utfordrande atferd hos barn og unge med psykisk utviklingshemming*, som forklarar at berre 2,1% av barn med autisme har så store åtferdsproblem som broren hennar har<sup>3</sup> (Holden & Gitlesen, 2007, sitert i Gitlesen, 2016). Men kronikkforfattar Jarle Johannessen kommenterer i debattinnlegget «*Jeg skriver dette i angst for at min mor skal lese det og bli såret*» (2021) at sjølv om perspektivet hennar

<sup>2</sup> Tordis Ørjasæters er forfattar og mor til Elin Ørjasæter. I forfattarskapet sitt har ho skildra familiesituasjonen med den autistiske sonen frå sitt synspunkt som mor, t.d. i romanen *Boka om Dag Tore* (1976). Elin Ørjasæters debattinnlegg om oppfatninga av familiesituasjonen frå sitt synspunktet som barn, kan sjåast som ein reaksjon på mora sitt forfattarskap, der ho deler eit nytt perspektiv på same historie.

<sup>3</sup> Basert på Olaug Nilssen si framstilling av Jostein, og på korleis Elin Ørjasæter samanliknar han med bror sin, kan ein anta at Jostein sannsynlegvis også ville blitt rekna som ein del av desse 2,1%.

kanskje er einsidig, er det framleis viktig å fortelje historiene til søskenen som er pårørende for det little talet barn med så alvorleg autisme.

Og her er vi ved det jeg oppfatter som kjernen i det praktiske, hverdagslige poenget Ørjasæter løfter frem: søsken må bli sett av sine foreldre, og ha opplevelser sammen med dem også uten autismeperspektiv, på sine egne, individuelle premisser, slik at de kan få oppfylt sine naturlige behov for oppmerksomhet, omsorg og relasjonsutvikling som ligger til grunn for videre sunn utvikling. (Johannessen, 2021)

*Uønska åtferd* framstiller dermed ei historie om ein gut med ei uvanleg sterk form for autisme, men er ikkje urealistisk. Stemmen til søskena til desse 2,1% av autistiske barn, fortener også å bli høyrd, og det burde vere lesaren som skaffar seg kunnskap om utbreiinga og spekteret av diagnosen. Ørjasæter skriv som nemnt at ho tar sjølvkritikk på ytringa om at alle familiar med autistiske barn, er øydelagde, og roser *Uønska åtferd* for å vise at det finst ei løysing for desse familiane òg, sjølv om det inneber at det sjuke barnet må flyttast.

Denne oppgåva vil ha perspektivet til søskena til barn med ei alvorleg grad av autisme, som fokus. Janne er ein fiktiv karakter som representerer mange barn og ungdommar i Noreg. Ho får ikkje fortalt historia si sjølv, men blir heller skildra gjennom perspektivet til mora. I debatten om at søsken sine opplevingar med å vere pårørende, ikkje blir framstilte nok i media, opptrer Katrine si forteljarstemme som eit verkemiddel som viser nettopp denne mangelen på representasjon. Seksuelle overgrep frå autistiske søsken er eit sopass alvorleg tema at det å framstille Katrine sitt perspektiv i staden for Janne sitt, bidrar endå meir til å belyse den urettferdige behandlinga Janne opplever, og i kva grad hennar behov og kjensler blir nedprioriterte eller bagatelliserte av Katrine. Dessutan er det ikkje berre Janne si oppfatning av pårøranderolla som blir undertrykt; lesaren vil få inntrykk av at både Gunnar og Katrine sine kjensler og opplevingar av å vere omsorgspersonar for Jostein, blir representerte på ein ikkje-representativ måte, nettopp på grunn av Katrine si rasjonelle og tilsynelatande ikkje-emosjonelle tilnærming til situasjonen deira. Katrine si forteljarstemme er derfor utgangspunktet for temaet i denne oppgåva, og vil bli undersøkt med omsyn til kor viktig det er å ta seksuelle overgrep på alvor, uavhengig av om overgriparen eller offeret er utviklingshemma eller ikkje.

## 2. Kva er omsorg?

*Omsorg* er eit omgrep som dukkar opp både i kvardagsspråket og i forskingsverda. Bokmålsordboka og Nynorskordboka definerer omsorg som «det å passe på nokon» (Bokmålsordboka og Nynorskordboka, u.å.). Sjølv om ein slik definisjon kanskje er tilstrekkeleg i kvardagslege høve, vil ein ved å dukke djupare inn i dei mange definisjonane av omgrepet i forskingsverda, oppdage at *omsorg* er vanskeleg å definere. I mitt prosjekt skal eg bygge forståinga av omsorg på omsorgs-etisk filosofi. Ein sentral forskar innan feltet er statsvitaren Joan Tronto, som i boka *Moral Boundaries – A Political Argument for an Ethic of Care* (1993) forklarar *omsorg* med fire ulike definisjonar.

Den første forklarar at *omsorg* handlar om å strekke seg ut til noko anna enn ein sjølv, på ein måte som ikkje refererer tilbake til ein sjølv, og som ikkje berre handlar om ein sjølv (Tronto, 1993, s. 102). Den andre definisjonen seier at ei emosjonell kjensle av omsorg overfor noko eller nokon, ikkje blir vurdert som faktisk omsorg før ein utøver ei omsorgsgjevande handling. Å berre *bry* seg om noko betyr dermed ingenting så lenge ein ikkje faktisk utøver ei handling som stadfestar påstanden om at ein bryr seg (Tronto, 1993, s. 103). Den tredje definisjonen forklarar *omsorg* som eit fenomen som ikkje er identisk alle stadar i verda, og noko som ein må forvente at definisjonen av vil kunne variere mellom ulike kulturar (Tronto, 1993, s. 103). Den siste definisjonen forklarar *omsorg* som noko varig. Omsorg kan vise til éi bestemd handling, eller det kan forklare ein prosess. Omsorg er ikkje ein eigenskap ein har, men kjensler menneske har, og handlingar vi gjer i laupet av livet (Tronto, 1993, s. 103-104). Dei mange definisjonane av omsorg, og dei mange perspektiva ein kan ha på det, viser til saman at omsorg er både eit breitt og eit komplekst omgrep.

Slik betyr omsorg meir enn å berre vise interesse for, kanskje til og med meir enn å *kjenne* sympati eller empati for nokon; omsorg er ikkje noko før ein utøver ei handling og aksepterer ei eller anna form for byrde (Tronto, 1993, s. 103). Å la ein annan person sine bekymringar og behov vere motivasjonen for handling, er derfor å vise omsorg. Det må likevel nemnast at ettersom *omsorg* ikkje berre naudsynleg er bunden til fagfeltet *omsorgs-etisk filosofi*, vil definisjonane av omgrepet kunne variere ut ifrå kva fagfelt den aktuelle forskaren kjem frå. Litteraturvitaren Amelia DeFalco skriv i boka *Imagining Care: Responsibility, Dependency, and Canadian Literature* (2016) at omgrepet *omsorg* ikkje vil vere eintydig i alle situasjonar. Der Tronto meiner at ein må vise omsyn til at menneske har ulike kulturar, meiner DeFalco at omsorgsomgrepet blir relativisert ut ifrå i kva grad mottakaren er avhengig av omsorga, og av kor mykje ansvar gjevaren har for mottakaren generelt (DeFalco, 2016, s. 5).

Det er ikkje naudsynleg slik at mengda omsorgsarbeid er lik mengda omsorg ein føler for mottakaren. Omsorgsarbeidet kan også utførast utan at personen eingong kjenner ei personleg omsorg for mottakaren, men heller utførar arbeidet med den motivasjonen at det er ein jobb.

Joan Tronto sin definisjon av *omsorg* som noko som primært opptrer i form av handling, blir slik problematisert når ein ser omsorgsdilemmaet i ein ny situasjon der mottakaren er absolutt avhengig av omsorg for overleving, og omsorgsgjevaren tar vare på hen fordi det har blitt ein del av kvardagen. Hadde definisjonen av omgrepene vore så rett fram og eintydig som Tronto framstiller han frå det omsorgs-etiske perspektivet, kunne vi allereie no ha stadfesta at Jostein mottar omsorg i form av hjelp med kvardagslege gjeremål fordi Katrine veit at han ikkje klarar det sjølv, og at sidan han treng hjelp med absolutt alt han gjer, må det bety at Katrine har ei uendeleg stor omsorg for han. Men det er ikkje naudsynleg slik. Vidare forklarar Tronto at det vi kunne definert som «omsorgsarbeid», kan utøvast også utan at ein har ei tilbøyelighet for omsorg, til dømes i høve der ein sjukepleiar tar vare på pasientar (1993, s. 105); då vil motivasjonen hens med omsorgsarbeidet kanskje berre vere å gjere jobben sin, utan den emosjonelle tilknytinga som ein forelder ofte ville hatt for eit sjukt barn. Å vise omsorg for ein sjuk person synest dermed å bety å at ein ofrar *noko* for ein annan person, i den hensikt at den andre skal få det betre. Ikkje berre må omsorgsgjevaren meine godt, men mottakaren må også ta imot omsorga som nettopp omsorg.

Den typen omsorg som blir utøvd av menneske som tar vare på eit sjukt familiemedlem, er altså forskjellig frå den som blir utøvd av profesjonelle omsorgsarbeidarar. Personar som tar vare på ein sjuk slekting, har sannsynlegvis ein nær emosjonell relasjon til den sjuke, i tillegg til at dei kjenner den sjuke på fleire område enn berre det som er relatert til sjølve sjukdommen. Amelia DeFalco legg til at omsorgsarbeid utøvd av familiemedlem og venar har andre eigenskapar enn profesjonelt omsorgsarbeid, og forklarar det med omgrepet *paraordinær omsorg* (2016, s. 7). Det er ein type omsorg som blir utøvd av menneske som ikkje har profesjonell utdanning innan omsorgsarbeid, og som ofte blir gjevne rolla som omsorgsarbeidar på grunn av ei plutselig og uventa hending, utan forvarsel (DeFalco, 2016, s. 7). Omsorga som blir kravd av menneske som tar vare på ein sjuk slekting eller ven, er ikkje den same omsorga som ein gjev til sine friske slektingar og venar. Desse menneska møter altså andre forventningar til omsorg, men har same utgangspunkt som menneske som ikkje har ein sjuk person i nær relasjon. Likevel står dei i ein situasjon der dei må opptre i rolla som høvesvis slekting/ven og omsorgsarbeidar, men har altså ikkje den faglege bakgrunnen som helsearbeidarar har, ei heller den same fridommen som menneske utan sjuke kjenningar har.

Dermed står desse personane i ein ikkje-ordinær situasjon, og må, med sin bakgrunn, utøve ei form for omsorg som andre menneske ikkje må.

Omgrepet *paraordinær omsorg* kan vere til hjelp når vi ser på familierelasjonen i *Uønska åtferd*, der foreldre utan ekstraordinær helsefagleg kompetanse må utøve omsorgsarbeid for eit sterkt autistisk barn med behov som foreldra ikkje kan relatere seg til. Sjølv om Jostein treng mykje omsorg, betyr ikkje det at familien som tar vare på han naudsynleg krev ekstraordinær fagleg kompetanse for å gje han den omsorga han treng. Sjølv om familien ikkje kan noko for at Jostein utsett systera si for eit overgrep, handlar krangelen mellom Katrine og Gunnar i etterkant av hendinga primært om ueinigheitene mellom kva profesjonelle helsearbeidarar og Katrine meiner er riktig framgangsmåte for å snakke med autistiske personar om seksualitet. Derfor legg DeFalco vekt på at *paraordinær omsorg* er ein type omsorg som er ved sidan av ordinær omsorg, fordi ein tar vare på sjuke menneske med ekstraordinære behov, men omsorga i seg sjølv er ikkje ekstraordinær (2016, s. 7); Katrine og Gunnar må lære sonen sin om seksualitet på same måte som alle barn og tenåringar må lære om det, men på grunn av Jostein sine unike behov og mangel på verbalt språk, oppstår det usikkerheiter og ueinigheiter om kva som er korrekt tilnærningsmåte. *Paraordinær omsorg* kan utøvast av kven som helst, men det sentrale er at personane som må gje ho, ikkje er førebudde på å hamne i ei slik omsorgsrolle, og derfor kan oppleve å ikkje vite korleis dei skal gå fram og utøve omsorg på ein måte som fungerer både for dei sjølve og for den sjuke.

I *Uønska åtferd* fortel Katrine at ho og Gunnar deltok i eit kommuneinitiert «Kva med oss?»-kurs – «eit tilbod for pårørande som brukte det meste av kreftene sine på å vere omsorgspersonar» (Nilssen, 2023, s. 14). Tidleg i romanen blir det altså kjent at dei to har tatt kurs og gått til parterapeut for å få hjelp til å gje rom til sine eigne kjensler i havet av den tida og stresset som kjem med å ta vare på Jostein og Janne, då på høvesvis ti og åtte år. «På «Kva med oss?»-kurset hadde det vore mykje snakk om å tillate seg sjølv å kjenne etter på det som var vanskeleg, og Gunnar hadde kjent godt etter både på kurset og hos terapeuten» (Nilssen, 2023, s. 14). Sjølv om Katrine ikkje direkte bebreidar Gunnar for å vere urimeleg opptatt av kjenslene sine, synest ho å vere usamd i korleis hans moglegheit til å prioritere kjenslene sine, minkar hennar moglegheit til å gjere det same: «Det var *alltid* han som trekte seg unna og tok seg tid til å kjenne på kva han følte, og jo oftare dette skjedde, jo færre mogleheter var det igjen for meg til å gjere det» (Nilssen, 2023, s. 15). Dilemmaet dei to står overfor synest dermed å vere i kva grad dei må prioritere å ta vare på Jostein og Janne, og i kva grad dei kan tillate seg sjølve å bli slitne og trekke seg tilbake for å lade opp energi. Omsorga dei må vise barna sine går på kostnad av omsorga dei får moglegheit til å gje til seg sjølve og til kvarandre, og påverkar

slik den interne relasjonen mellom dei pårørande, utan å leggje fokuset på den direkte årsaka. Tidleg i romanen kjem det også fram at begeret renn over for Gunnar, og at han forlét familien og drar til hytta. Korkje Katrine eller dei andre i familien seier direkte korfor han drog, men både ho og Janne synest å ha nok erfaring med kjenslene av overveld til å kjenne igjen Gunnar si åtferd: «Han vil vere åleine, sa Janne alvorleg, og eg visste at det var det ho hadde fått som forklaring tidlegare, at pappa av og til trøng å vere åleine, og då reiste han på hytta nokre dagar» (Nilssen, 2023, s. 18).

Utfordringane som familien møter med omsyn til seksualitet og overgrep, må sjåast i samanheng med kva vanar dei har hatt med å utøve omsorg for kvarandre i Jostein og Janne si oppseding. Når vesle Janne allereie som åtteåring kan kjenne igjen symptomata på å vere overarbeidd og utbrent, og i tillegg er vand med å ta visse forholdsreglar for å unngå å stresse bror sin, kan ein seie at ho er eit resultat av å ha vakse opp i ein heim som ikkje er som alle andre. Omsorga Janne viser for familien sin, er i form av at ho oppmuntrar Jostein ved matbordet og slik hjelper mora med å halde han motivert til å sitje i ro (Nilssen, 2023, s. 7-8), ho kranglar ikkje med mora når ho blir fortald at ho ikkje får dra på turntrening fordi Jostein ikkje kan vere med (s. 10) og ho passar på Jostein medan han dusjar fordi ho veit at han kan brenne seg viss han er åleine (s. 63). Med Jostein sin unike situasjon tatt i betraktning, vil eg vurdere desse tilpassingane som Janne gjer, som ein type *paraordinær omsorg*. DeFalco sin definisjon forklrarar som nemnt omgrepet som ein variant av omsorg som i seg sjølv ikkje er ekstraordinær, men som finn stad i ekstraordinære relasjoner, blir utøvd av menneske utan helsefagleg bakgrunn, og som ofte tydeleggjer ansvar (DeFalco, 2016, s. 7). Andre ungar på Janne sin dåverande alder, som ikkje har utviklingshemma søsken, ville kanskje bli gjevne meir rom til å krangle med både søsken og foreldre, utan den konstante påminninga om at det er nokon andre i familien som har eit større behov for merksemd og assistanse enn det ein sjølv har.

Som bakgrunn for Gunnar si evakuering til hytta, får lesaren vite at han er utslit av arbeidet som er kravd av han som forelder, og at det er jobben som held han gåande (Nilssen, 2023, s. 19). I tillegg går den krevjande livssituasjonen utover forholdet hans til Katrine, og Gunnar seier i møtet med parterapeuten at han ikkje føler at Katrine har bruk for han. Ho fortel at det ho treng frå Gunnar, er hudkontakt og intimitet (Nilssen, 2023, s. 15), noko Gunnar meiner berre er ei flukt, og ikkje ei faktisk kjensle.

Det einaste du vil ha, er forløysing. Du vil berre kople av. [...] – Det er ikkje flukt. Parterapeuten lente seg framover. [...]. – Kva er det då? – Det er eit *tiltak*, sa eg, og Gunnar kasta seg bak over i

sofaen og sukka høgt. – Åh, det der språket, du kan ikkje ta det med inn i samlivet vårt. [...] Det får meg til å føle at du ikkje har bruk for meg. – Eg har jo bruk for deg! – Du kunne hatt kven som helst! – Nei, det kunne eg ikkje [...] – Deg kjenner eg jo. Og du forstår jo korleis situasjonen vår er. (Nilssen, 2023, s. 15-16)

Gunnar synest å kjenne seg som ein helsearbeidar som ikkje har den emosjonelle forbindelsen til kona si som han ynskjer, og synest også å leggje skuld på Katrine for at forholdet deira berre dreier seg om Jostein, og ikkje om dei sjølve. Noko eg seinare kjem tilbake til, er korleis Gunnar og Janne synest å meine at Katrine har lagt bort alt av emosjonell tilknyting til arbeidet med Jostein og korleis det påverkar ho sjølv og dei andre. Katrine har ein rasjonell og tidseffektiv framgangsmåte til både Gunnar og Jostein, og legg i augneblinken bort kjensler som kan stå i vegen for effektiviteten av arbeidet. Forholdet hennar til Gunnar blir nedprioritert fordi dei heller må bruke tida si på å planleggje kven som skal passe på Jostein, og Janne sine behov og ynske blir nedprioriterte ganske enkelt fordi nedprioritering av hennar behov fører til mindre problem enn nedprioritering av Jostein sine behov.

Heile familien står i ein prekær situasjon der dei må balansere forholdet mellom å vise omsorg for kvarandre gjennom å vie tid til kvalitetstid, avslapping og til eigne interesser, og å vise omsorg for Jostein ved å ta vare på han på ein måte som kanskje påverkar dei sjølve negativt, men som gjer hans kvardag lettare. Døma som verkeleg skal få setje denne påstanden på prøve, er derfor når Janne, Katrine og Jostein blir utsette for seksuelle overgrep. Sjølv om det er ulike omstende i dei ulike høvane, viser diskusjonane om alle eit tydeleg skilje mellom Katrine sin rasjonelle og ikkje-emosjonelle reaksjon og handtering samanlikna med Janne og Gunnar sin reaksjon, og kva tiltak kvar av dei meiner er naudsynte.

Janne blir utsette for to overgrep av Jostein. Det fyrste skjer når Jostein framleis har på klede, og sidan Janne klarar å vike unna raskt, synest ikkje Katrine å forstå alvorsgraden av kva Janne føler. «Han gnei seg mot meg. [...]. Gnei seg mot meg og tok etter handa mi, la ho til» (Nilssen, 2023, s. 64), fortel ho, og skildrar overgrepet som «ekkelt og flaukt». Kanskje på grunn av at Janne ikkje seier noko om at ho vil at Jostein skal flytte, tar ikkje Katrine heller initiativ til noko anna enn at ho seier at dei skal gjere *tiltak* (s. 78). Katrine vil løyse situasjonen sjølv, og fortel dermed heller ikkje Gunnar om overgrepet. Det andre overgrepet, derimot, ser Katrine som meir alvorleg både fordi Janne treng fysisk hjelp til å kome seg unna, og fordi Gunnar òg er vitne til overgrepet, og seier at Jostein på grunn av det ikkje lenger kan bu med dei.

Jostein hadde klatra opp nedst i senga, prøvde å ta etter hendene hennar, men ho hadde lagt dei tett inntil kroppen oppå dyna for å halde henne fast over seg. Ho skreik mot han, men han brydde seg ikkje, i staden kravla han lenger oppover i senga og la underlivet over handa hennar, han jukka og gnei mot handa medan han lo og skreik. (Nilssen, 2023, s. 152)

Om det er på grunn av at Gunnar blir vitne til overgrepstilfælet, eller om Katrine innser at det ikkje er forsvarleg overfor Janne å la Jostein bli buande, er ikkje sikkert. Uansett fører denne hendinga til at Katrine og Jostein flyttar ut same dagen.

### 3. Å skildre kjensler – Katrine sitt forteljarperspektiv

Noko som er viktig å hugse på, er at forteljingar som omhandlar mange menneske, men som berre er fortalte frå éin person sitt perspektiv, utan tvil vil vere påverka av den personen sine verdiar, tankar og subjektive opplevingar av situasjonar og andre personar. Omgrepet *upåliteleg forteljar* blir brukt om forteljarstemmer som skildrar hendingar og andre personar frå sitt subjektive perspektiv, utan å naudsynleg ha kunnskap om alt dei fortel om (Andersen, Mose & Norheim, 2012, s. 52-53). Ein upåliteleg forteljar kan openlyst lyge til lesaren, noko som gjer det usikkert om det hen fortel, faktisk stemmer, eller hen kan gje meir rom til sine eigne tankar og meningar om hendingar enn hen gjev til dei andre karakterane. På den siste måten kan forteljarstemma fremje eit bestemt perspektiv utan at det naudsynleg er openbert for lesaren at hen ikkje får sett alle sine oppfatningar av ei sak, men berre éi.

Katrine prøver på ingen måte å lure lesaren ved å fortelje usanne historier, men noko som er unikt med forteljarstemma hennar, er at ho gjev mykje rom til å skildre hendingar, men nesten ikkje noko rom til å skildre kjensler, korkje sine eigne eller dei andre sine. Denne forteljarteknikken er særskilt viktig å ta i betrakting når ein seinare får sjå reaksjonen hennar og tankemønsteret rundt dei seksuelle overgrepa, og kva det faktisk kan gjere med ein person som blir utsett for ei slik grenseoverskridning. Katrine skildrar til dømes detaljert situasjonar og samtalar med Janne og Gunnar, men ho synest ikkje å tenkje meir i djupna over korfor Janne seier noko, eller korfor ho gjer som ho gjer. Katrine gjev av og til rom for å leggje ut om sine eigne tankar om ei bestemd handling Janne gjer, men ho greier heller ikkje ut meir av sitt eige tankemønster enn at ho seier kva ho tenkjer om den konkrete situasjonen. Eit døme er når Janne publiserer ein selfie på Facebook, med biletteksten «p u s t e n – eg mistar han» (Nilssen, 2023, s. 49). Sidan situasjonen berre blir skildra frå Katrine sitt perspektiv, og lesaren dermed ikkje får utdypande informasjon om kva Janne meinte med ytringa, kan ein berre anta at ho er eit rop om hjelp. Katrine, som tilsynelatande også tolkar innlegget slik, tar likevel ikkje Janne og hennar behov for hjelp på alvor. Katrine kritiserer at ho har rokke å både sminke seg og posere før ho tok biletet, og tar dette som eit prov på at ho ikkje faktisk slit, men heller legg ut biletet for å få merksemd.

Eg kneip munnen saman då eg konstaterte at Janne ikkje hadde bh under singleten. Med vilje, tenkte eg og såg på andletet igjen. Blikket var skarpt bak det uryddige håret, Janne såg rett i kameraet. [...]. Ingenting ukontrollert over den angstens der, nei. (Nilssen, 2023, s. 49)

Ho er detaljfokusert og registrerer alt som skjer på sjølv biletet, men tenkjer ikkje over kva som er bakgrunnen for korleis Janne ser ut på biletet eller korfor ho i det heile tatt har publisert det. Med orda «med vilje» konstaterer Katrine augeblikkeleg at det at Janne ikkje har på bh under singleten er eit motiv for å få meir merksemd, og at posituren, blikket og håret ser for planlagt ut til at det kan vere angst. At ho seier «Ingenting ukontrollert over den angstn der, nei» (s. 49) tydeleggjer derfor berre at grunnen til at Katrine ikkje kan eller vil forstå at Janne har det vanskeleg, er fordi ho berre analyserer korleis Janne framstår utanfrå.

Sjølv om Katrine ikkje nemner, eller kanskje ikkje eingong registrerer, at ho ikkje forsøkjer å forstå korfor Janne seier og gjer det ho gjer, men heller berre dømmer ho ut ifrå si eiga oppfatning av situasjonen, kan det tenkast at dette tankemönsteret stammar frå korleis ho er vand med å analysere Jostein si åtferd. Skildringa hennar av Jostein sine handlingar, er overflatiske i form av at ho ikkje prøver å finne ut korfor han til dømes slår Janne i skuldra så ho får vondt berre fordi han vil ha Non Stop hennar (Nilssen, 2023, s. 23-24) eller korfor han stenger seg inne i huset i lysløypa og slår av og på lyktene når folk treng lys for å sjå (Nilssen, 2023, s. 86-87). Med tanke på kor alvorleg grad av autisme Jostein har, forstår nok Katrine at Jostein ikkje handlar ut ifrå «fornuft» fordi han manglar den sosiale forståinga som ein treng for å vite at ein ikkje kan gjere slike ting berre fordi ein vil, særleg ikkje når andre blir negativt påverka av det. Katrine sjølv klandrar heller aldri Jostein for å gjere desse tinga, fordi ho veit at han ikkje kan noko for det, men synest heller berre å bli oppgitt utan å faktisk uttrykkje korkje dei orda eller den kjensla.

Døra small igjen bak han med eit knepp. – Jostein, ropte eg og drog i døra. Ho var stengd. Armane mine stivna saman med brystkassen til ein klump av tyngde, men eg klarte å minne meg sjølv om å puste roleg. [...] Eg banna då eg oppdaga at det ikkje var dekning, og slo eit par gongar på døra, men skjønte at det ikkje kom til å ha nokon effekt. (Nilssen, 2023, s. 84)

Skildringane om dei fysiske reaksjonane hennar, som at armane hennar stivnar og at ho får ei tung kjensle i brystkassen, og at ho må puste roleg for å kunne agere, kan minne om ein angstreaksjon. Det har ikkje noko formål for oppgåva å diagnostisere Katrine med angstliding eller ein annan psykisk plage, men det er verdt å nemne at i situasjonar der kroppen hennar tydeleg viser at ho er stressa og usikker, seier ho det aldri med ord. Om det er ein forsvarsmekanisme for å gjere seg sjølv mindre stressa, eller om ho ikkje forstår kor prega ho blir når Jostein låser seg inne, blir ikkje nemnt. Det sentrale i dette dømet er at Katrine ikkje berre analyserer Jostein og Janne utanfrå, men også seg sjølv. Ettersom ho har tilgang til sine

eigne tankar og kjensler, og dermed kunne ha skildra kva ho tenkjer i desse situasjonane, kan det bli sett på som eit medvitent val ho har tatt om å leggje fokuset på fysiske reaksjonar og det som kan observerast utanfrå, heller enn å reflektere over emosjonar og korleis dei kan henge saman med åtferda.

Eg vil ikkje framstille Katrine som usympatisk eller egoistisk, men det er verdt å ta oppfatninga hennar av Jostein si åtferd i betrakting når ein skal analysere korfor ho behandlar Janne urettferdig, og korfor ho ikkje forstår alvorsgraden av overgrepet Jostein utsette ho for. I boka *Fortelling å følelse: En studie i affektiv narratologi* (2016) viser forfattar Per Thomas Andersen skilnaden mellom *kjensler* og *fornuft*. *Fornuft* er «saksrettet, argumentativ og i stand til å skille mellom det subjektive og objektive, det vesentlige og uvesentlige (Andersen, 2016, s. 10). *Kjensler*, derimot, har ikkje dei same eigenskapane, og «kan derfor lett forlede, forføre og gjøre oss ustadige og inkonsekvente. Som beslutningsgrunnlag duger følelser ikke, de takoleggjer saken, og det er uklart om de har informasjonsverdi som kan brukes til noe» (Andersen, 2016, s. 10). Eg nemner skilnaden mellom fornuft og kjensler for å vise til dei ulike oppfatningane Janne og Katrine har av overgrepa. Janne fortel at ho synest overgrepet var ekkelt og flautt, og ho seier at ho ikkje vil delta i stellinga til Jostein meir i frykt for at han skal gjere fleire seksuelle framstøyt (s. 66-67). Sjølv om Katrine forstår at Janne synest overgrepet var ekkelt, ser ho ikkje ut til å relatere seg til kjensla av skam og avsky på eit emosjonelt nivå. Viss ein skal sjå dette som eit resultat av den «fornuftige» og løysingsorienterte tilnærminga Katrine har hatt til Jostein si uønskte åtferd tidlegare, kan utfordringa hennar med å forstå Janne sin reaksjon, ligge i at ho i så lang tid har nedprioritert kjenslene sine rett og slett fordi dei ofte ikkje er hensiktsmessige i ein travel kvardag. Konflikten i romanen, og utgangspunktet for denne oppgåva, er at Katrine er fastlåst i sitt eige tankemønster og sine rutinar, og at ho ikkje klarar å forstå andre sine perspektiv på Jostein si åtferd eller på overgrepa. Eg ynskjer at diskusjonen skal gå ut på at Katrine har eit stort behov for innputt frå dei andre karakterane for å få endra haldningane sine, og eg vil absolutt ikkje framstille ho som ei därleg mor eller därleg omsorgsperson for Janne og Jostein. Usemjene dei i mellom handlar ikkje om at Katrine ikkje trur på at dei seksuelle overgrepa skjedde, eller at ho prøver å framstille dei på ein ukorrekt måte; det handlar berre om at ho ikkje definerer dei på same måte som Janne, Gunnar og helsearbeidarane på Jostein sin institusjon og at ho personleg synest å ikkje bli like emosjonelt påverka. Den manglande reaksjonen hennar kan i byrjinga bli sett på som mangel på omsorg for Janne, men når Katrine mot slutten av romanen får opna auge sine litt meir, er det ikkje naudsynleg så rett fram. Den neste delen i oppgåva vil ta føre seg det sentrale i konflikten, som handlar om kva omgrep dei nyttar for å skildre dei seksuelle framstøytane, og om korleis

Katrine ikkje forstår Janne sitt perspektiv før ho endeleg møter ei vaksen kvinne som blei utsett for seksuelle overgrep av sin eldre, autistiske bror då ho sjølv var barn.

## 4. «Uønskt åtferd» eller overgrep?

– Eg skal aldri meir hjelpe til med stellinga! – Nei, hadde eg svart. – Du skal ikkje det. Det som skjedde på badet i dag, var uønskt åtferd. [...] – Kva er det du kallar det? – Uønskt åtferd, sa eg, stemma sprakk. [...] – Det var ekkelt! Det var det det var! [...] – Og flautt. [...] – Ja, sa eg berre. – Ja. Ekkelt og flautt. (Nilssen, 2023, s. 66-67)

Samtalen mellom Janne og Katrine i kjølvatnet av overgrevet frå Jostein, belyser dei to veldig ulike meiningsane høvesvis Katrine og Janne har til om ein faktisk kan stille ein sterkt autistisk person ansvarleg for handlingane sine. Janne er forferda over overgrevet ho blei utsett for, og kjem til mora i fortrulegheit om at ho skal ta ansvar og gjere noko for å hindre det i å skje igjen. Katrine har derimot ei rasjonell tilnærming til saka, og legg vekt på at sidan Jostein ikkje veit kva han gjer, eller at det er upassande, må dei lære han at den typen åtferd er uakseptabel.

Bokmålsordboka og Nynorskordboka definerer *åtferd* som ein «måte å oppstre på; handlemåte, ytre oppførsel» (Bokmålsordboka og Nynorskordboka, u.å.). Å studere nokon si åtferd i ein bestemd augneblink, synest å leggje fokusset på nøyaktig *kva* handlinga går ut på og korleis ho framstår utanfrå, utan omsyn til kva tankeprosessar som kan ha forårsaka handlinga. Katrine forklarar Jostein sitt overgrep mot systera som *åtferd*, og legg berre vekt på kva han gjorde, og ikkje kor mykje meir enn den faktiske handlinga eit seksuelt overgrep inneber for offeret. Både Katrine og Janne veit at Jostein ikkje er medviten over at handlinga han nettopp har gjort, blir rekna som søskenincest, og er straffbart med inntil eitt år i fengsel (Seksuallovbrudd, 2009, §313). Janne sin motivasjon for å fortelje mora om overgrevet, er at ho ikkje lenger vil hjelpe til med stellet av Jostein, ikkje fordi ho vil melde han til politiet. Når Janne fortel mora om hendinga, snur ho seg for å forsikre seg om at kjærasten ikkje hører kva ho fortel (Nilssen, 2023, s. 64), fordi ho synest det var flautt og upassande, og kjänner kanskje på ei kjensle av skam. Norsk Helseinformatikk forklarar at offer for seksuelle overgrep kan oppleve psykiske etterverknadar som mellom anna posttraumatiske stresssliding, depresjon, angst og sosial tilbaketreking (Norsk Helseinformatikk, 2022). Sjølv om Janne, som er funksjonsfrisk, veit at ho blei utsett for overgrevet av ein autistisk person som ikkje veit kva lover og normer om seksuelle handlingar er, betyr ikkje det at ho like rasjonelt kan sjå bort ifrå at hennar eigen storebror nettopp har gjort ein seksuell framstøyt mot ho, som kjentest både ukomfortabel og ekkelt.

Katrine synest å ha eit klarare skilje mellom kva ho kan forvente av høvesvis Jostein og funksjonsfriske menneske, og korleis ho burde forhalde seg til uheldige hendingar. Ho synest å

ikkje ta seg nær av ting Jostein gjer viss ho veit at han ikkje kan noko for det, og at ho heller ikkje vil kunne forklare for han at det ikkje er akseptabel åtferd. Katrine blir i likskap med Janne også utsett for eit seksuelt overgrep av ein annan autistisk bebuaren ved Jostein sin institusjon, ved at han pressar sin nakne kropp mot ansiktet hennar (Nilssen, 2023, s. 55-56). Katrine tar tilsynelatande lett på situasjonen, og unnskyldar bebuaren med at han er sjuk og ikkje veit kva han gjer, og dermed ikkje kan haldast ansvarleg. «Preben er psykisk utviklingshemma. Det går heilt fint! – Nei, dette går *ikkje* heilt fint, sa Gunnar. – Dette er alvorleg. – Det er *ikkje* alvorleg, sa eg. – Det gjer meg *absolutt* ingenting» (Nilssen, 2023, s. 103). Om grunnen til at Katrine reagerer slik er fordi ho er i fornekting om at overgrevet faktisk kjentest ubehageleg trass i at bebuaren ikkje meinte noko vondt med det, blir aldri nemnt. Det som likevel er viktig å hugse på når ein samanliknar overgropa Janne og Katrine blei utsette for, er at Janne er 15 år, og at overgriparen var hennar eigen bror. Ho trur seg til mor si, og opplever å ikkje bli forstått, men heller avfeia med ei unnskyldning om at ho ikkje kan ta det så tungt fordi Jostein ikkje veit kva han gjer. Janne får ikkje den omsorga ho treng av mor si, ei omsorg som kan vere viktig når ein nettopp har blitt utsett for eit seksuelt overgrep. Katrine møter dottera si med rasjonalitet, når det ho heller synest å trenge, er omsorg og forståing. Gunnar sin reaksjon på overgrevet Katrine blei utsett for, viser kontrasten mellom Katrine sin rasjonalitet og Gunnar og Janne sitt større perspektiv      på      overgrep      utført      av      funksjonshemma      menneske.

– [...] Jostein er den yngste her, og vi må kunne forlange at det ikkje kjem ein nabo og gjer overgrep mot han. [...] – Overgrep! – Gunnar så sint på meg før han heldt fram. – Overgrep, ja! Ingen er overraska over at *du* tar lett på dette. (Nilssen, 2023, s. 105)

Katrice ser ut til å meine at ein slik seksuell framstøyt berre kan kallast *overgrep* viss overgriparen er medviten om at det faktisk er eit overgrep. Korkje Jostein eller bebuaren, Preben, veit at det dei gjer er upassande, ulovleg og høgst grenseoverskridande, og dei er heller ikkje i ein tilstand der nokon andre vil kunne fortelje dei at det er det. Janne seier ifrå til Katrine om overgrevet fordi ho veit at det ikkje nyttar å seie ifrå til Jostein, og det er slik ein kan anta at ansvaret for at slike overgrep ikkje skal skje, ligg hjå foreldra. Sjølv om Katrine ikkje kunne ha stansa det fyrste overgrevet i augneblinken, blir det hennar ansvar å hindre at noko liknande skjer igjen. Løysinga hennar på Jostein sine åtferdsproblem, blir som nemnt at ho lærar han å tilfredsstille seg sjølv (s. 72). Det Katrine likevel ikkje tenkjer over, er at det er ulovleg å utføre seksuelle handlingar på mindreårige personar, og at ho no faktisk også har utført eit seksuelt

overgrep på sonen sin. Dette innser ho ikkje før i slutten av romanen når ho nemner overgropet for Gunnar.

- Det er min feil at Jostein gjekk etter Janne. Den dagen då vi flytta ut. Då han la seg på henne. [...].
- Din feil? Det er det vel ikkje? – Jo, eg... [...]. – Eg hadde... altså, eg prøvde å lære han å bruke dusjen på seg sjølv dagen før. [...]. Kva meiner du? – Eg gav han dusjen og lærte han at han kunne sprute rett mot underlivet, sa eg. [...]. Neste dag la Jostein seg på Janne, sa eg. – Og det er min feil. (Nilssen, 2023, s. 215)

Gunnar er ikkje samd med Katrine om at det er hennar feil at Jostein forgreip seg på Janne, men han fordømmer ho for å ha overskride Jostein sine grenser, og det utan å forhøyre seg med Gunnar sjølv først. «Det er seksuelt overgrep mot barn, det du har gjort, du veit det? Kjefta han, og eg sa at det hadde han sagt før, at alle hjelpetiltak overfor barn ville bli rekna som overgrep» (Nilssen, 2023, s. 215). Katrine forsvarar overgropet med at ho trudde at det ville bli enklare for alle dersom Jostein kunne tilfredsstille seg sjølv, og slik kunne la familien halde seg utanfor det, men det er ikkje tilstrekkeleg for Gunnar (Nilssen, 2023, s. 215). Katrine har ynskja å vise omsorg for Jostein ved å la han realisere sin eigen seksualitet utan at det skulle trenge å påverke resten av familien, men har oppnådd motsett effekt.

## Kven sitt ansvar er det å hindre overgropa?

Eg nemnde tidlegare i teksta at Katrine si forteljarstemme, som fokuserer meir på rasjonalitet og handlingar enn kjensler, kan vere problematisk i ein roman med ein så alvorleg tematikk. Det er ein karakter ved namn Sylvia som dukkar opp i slutten av romanen, som blir den utløysande årsaka til at Katrine forstår omfanget av seksuelle overgrep frå utviklingshemma personar. Sylvia opptrer slik som ein representant for Janne si sak. Ho er veslesystera til Preben, som forgreip seg på Katrine, og vil møte ho og Gunnar for å få informasjon om overgropet og seie unnskyld på vegne av broren. Der fortel ho også at ho gjennom barndommen blei utsett for fleire seksuelle overgrep frå storebroren sin. «Eg har opplevd det same som Katrine. Berre at han var sterk og pågåande, og eg var eit barn» (Nilssen, 2023, s. 203). I likskap med Katrine og Janne, forstår Sylvia at den autistiske broren hennar ikkje var medviten på kva han gjorde eller korleis det påverka ho, og klandrar han ikkje for det han utsette ho for, men legg heller ansvaret over på mora deira, som ikkje gjorde noko for å stoppe dei gjentatte overgropa.

– Klarte [mora dykkar] å halde han unna deg? Spurde eg, nesten kviskrande. – Nei, Katrine, det klarte ho ikkje. Gunnar la armen rundt meg, og i rein refleks la eg handa over munnen for å stoppe hikstet som var på veg ut. Tårene, derimot, lét seg ikkje stoppe. Gunnar stramma grepet rundt meg, Sylvia såg på meg ei lang stund. (Nilssen, 2023 s. 205)

Etter å ha høyrd Sylvia sitt perspektiv om korleis ho har opplevd å bli utsett for overgrep frå bror sin, får Katrine for fyrste gong innsikt i korleis overgrepa kan ha kjentest for Janne. Katrine forstod skildringane hennar om at overgropet var «flaukt og ekkelt» (Nilssen, 2023, s. 66-67), men har openert ikkje forstått omfanget av si eiga makt og ansvaret ho har for at begge barna hennar skal vere trygge. Ettersom Sylvia er eldre, skildrar ho moglegvis opplevelingane på ein måte som Katrine kan relatere seg meir til, og legg sjølv vekt på at broren ikkje kan haldast ansvarleg fordi han er sjuk, noko Katrine tidlegare har vore tydeleg på. Sylvia har også levd eit langt liv etter overgropa ho blei utsett for som barn, men er framleis synleg prega av dei og skuffelsen og sinnet overfor mora som ikkje hjelpte ho. Moglegvis tydeleggjer dette for Katrine at å bli utsett for overgrep som barn, er noko som vil prege offeret resten av livet. Den siste delen av den utsegna, om at det er foreldra sitt ansvar å hindre overgropa i å skje på grunn av dei sjuke sin mangel på forståing, synest Katrine ikkje å ha tenkt på før no.

Han anar ikkje kva han har gjort, sa ho. – Han forstår ikkje noko anna enn sine eigne impulsar og behov, la ho til, no med eit drag av bitterheit i stemma. – Men det var tyngre med mamma, sa ho og såg på meg igjen. (Nilssen, 2023, s. 205)

Til tross for mange teikn frå Janne, Gunnar og tilsette ved institusjonen der Jostein og Preben bur, er det ikkje før i samtale med Sylvia at Katrine endeleg forstår Janne sitt perspektiv, og dermed hennar og Gunnar sin reaksjon og ynske om at Jostein skulle flytte ut. Sylvia opptrer på ein måte som ein hypotetisk, framtidig versjon av Janne som illustrerer kor følt ho kan komme til å få det som vaksen dersom Katrine ikkje handlar og beskyttar ho medan ho er barn.

Tidlegare i teksta diskuterte eg Andersens teori om skilnaden mellom *fornuft* og *kjensler*, og korleis Katrine i gjennom heile romanen synest å handle ut ifrå rasjonalitet heller enn kjensler, og at ho skildrar dei ytre påverknadane framfor dei indre. Etter samtalene med Sylvia, og etter å ha innrømt overfor Gunnar at ho har utsett Jostein for eit overgrep, synest ho derimot for fyrste gong i romanen å faktisk gje rom til kjenslene sine, og å sjå dei som eit resultat av handlingane ho har gjort og blitt utsett for.

– Du er verkeleg eit vrak, Katrine, sa han. – Men eg føler ting, sa eg [...]. – Føler ting! Gjentok han hånleg, men eg heldt likevel fram. – Eg føler skam og skuld, sa eg. – Bra! ropte Gunnar høgt. Det blei stille mellom oss, eg nikka kraftlaust og prøvde å halde blikket på han. (Nilssen, 2023, s. 216)

Katrine må altså få gjentatt korreks utanfrå gong på gong før ho endeleg forstår alvoret av overgrepene. Sitatet ovanfor er frå nokre av dei siste sidene i romanen, og er det siste vi hører om både tematikken og Katrine sine kjensler. Samtalen med Sylvia har openbert utløyst noko i Katrine, og den fysiske reaksjonen hennar med gråt og angst er det siste hintet lesaren får om at ho kanskje har forstått kva Janne har blitt utsett for, både av Jostein og av ho som mor. Med omsyn til Sylvia sitt sinne mot mora fordi ho ikkje gjorde noko for å stoppe overgrepene, forstår Katrine at Jostein burde ha blitt flytta til institusjon kanskje allereie før det fyrste overgrepet mot Janne skjedde. Ho seier ikkje noko om desse kjenslene, men ein kan ut ifrå den fysiske reaksjonen hennar, tolke det som at ho iallfall kjenner på ei grad av anger. Janne har ikkje fått den omsorga ho burde, og har blitt tvungen til å bu i same hus som han som utsette ho for to seksuelle overgrep og andre uønskte framstøyt. Ved å la Janne bu i eit slikt miljø der ho både kjenner seg, og er, utrygg, tar ikkje Katrine det ansvaret ho har for ho, alvorleg nok. Ho står i eit dilemma der ho anten må lytte til Janne sine kjensler, eller til si eiga fornuft, og når ho vel det siste, går det på kostnad av Janne.

## Avslutning

I debatten om korleis pårørande søsken skal framstillast i litteraturen, er forteljarperspektivet eit sentralt verkemiddel som må med i diskusjonen. Katrine gjer så godt ho kan som mor, men innser til slutt at ho ikkje har utført arbeidet tilstrekkeleg. Det er openert for alle i familien at Jostein sine åtferdsproblem påverkar dei så mykje at det er vanskeleg å bu med han, men Katrine vil gjere alt ho kan for at familien skal kunne leve saman på ein måte som fungerer for alle. Janne har blitt utsett for overgrep av bror sin, men Katrine meiner at det *må* finnast andre løysingar enn at han flyttar ut. Ho har ansvar for at Janne skal vere trygg i heimen sin, men ho hamnar i eit dilemma når Janne sin tryggleik må gå på kostnad av Jostein, som trass alt ikkje forstår kva han har gjort, og derfor ikkje bør haldast ansvarleg. Ansvarskonflikten oppstår derfor når Katrine må velje mellom kven av barna sine behov som er viktigast, og kven som potensielt vil oppleve dei verste konsekvensane dersom ho prioriterer det eine eller det andre.

Oppi dette dukkar også omgrepene *omsorg* opp igjen. Som Joan Tronto nemnde, er det ein forskjell på omsorg ein *føler* og omsorg ein *handlar* ut ifrå. Å berre *bry seg* om nokon, er

ikkje omsorg så lenge ein ikkje utfører ei omsorgsgjevande *handling* (Tronto, 1993, s. 103). Ein kan heilt klart kjenne ei kjensle av omsorg overfor nokon, men så lenge ein ikkje gjer noko som stadfestar kjensla, synest det ikkje å bli rekna som omsorg i like stor grad som ei omsorgsgjevande handling ville blitt. Katrine kjenner empati overfor Janne når ho blir slått av Jostein (s. 23-24) og når ho blir utsett for overgrep av han (s. 64 og s. 152), og forstår at det er vanskeleg for ho å leve med Jostein så nært. Sjansen hennar til å stadfeste omsorga ho har for ho glipp likevel fort når ho ikkje gjer noko for at Janne skal kjenne seg trygg etter det fyrste overgrevet. *Tiltaket* ho seier at skal fikse den uønskte åtferda, ender også katastrofalt når det viser seg at Katrine, med eit ynske om å hjelpe Jostein, også utsett han for eit overgrep. Ho ynskjer å vise omsorg for begge barna sine slik at dei alle kan bu saman, men hamnar i ein konflikt der ho ikkje veit korleis ho kan hjelpe den eine utan at det går utover den andre. Med omsyn til Amelia DeFalco si forklaring av omgrevet *paraordinær omsorg*, står Katrine i ein ekstraordinær situasjon der begge barna har prekære behov som er vanskeleg å innfri. Jostein handlar på impulsar, og kan ikkje noko for det han gjer. Ei heller kan Katrine kommunisere med han om åtferda hans, og veit derfor ikkje korleis ho skal få han til å slutte. Janne har blitt utsett for eit overgrep av bror sin, som i situasjonar der begge søskjen var funksjonsfriske, ville vore strengt ulovleg og medført fengselsstraff for overgriparen. Men på grunn av Jostein si manglande forståing av handlinga, meiner Katrine at det burde vere lettare å ikkje ta seg så nær av det, og føreslår eit tiltak som fungerer for Jostein, men ikkje for Janne.

Den *paraordinære* omsorgskonflikten som blir framstilt i *Uønska åtferd*, viser perspektivet til ei mor som står i ein vanskeleg situasjon der kvart av barna har store behov som ikkje lar seg innfri så lenge begge bur saman. Dei seksuelle overgrevna markerer eit sprik i dei ulike behova høvesvis funksjonsfriske og utviklingshemma barn har, og korleis det kan vere vanskeleg for foreldre å gje barna sine den omsorga dei treng, særleg når omsorgsbehova er så ulike. Trass i at forteljarperspektivet er i fyrste person, viser *Uønska åtferd* ei ganske objektiv framstilling av familiesituasjonen, utan å la forteljaren sine subjektive tankar påverke framstillinga av den faktiske handlinga. Ved å skildre ei så emosjonell og sår historie som viser fleire karakterar i sårbare situasjonar, men likevel har merkbart lite fokus på karakterane sine kjensler, får lesaren meir rom til å sjølv vurdere omsorgskonflikten som familien står i. Overgrevet mot Janne er openbert forferdeleg å lese om, men ein kan kanskje forstå Katrine sitt ynske om å ville finne ei løysing på åtferdsproblemet før dei bestemmer at Jostein må flytte. Når resultatet likevel blir så eintydig, blir det klart for både lesaren og karakterane at det ikkje er mogleg for Katrine å gje barna den omsorga dei treng og fortener utan at det blir kaos i heimen.

*Uønska åtferd* inviterer leseren inn i eit kaotisk familieliv der dotter låser seg inn på rommet, son er seksuelt utagerande overfor syster og foreldre, far evakuerer til hytta med jamne mellomrom, og mor er utsliten og overarbeidd. Ein får observere sårbare tema som seksualitet, vald og kjærleik, og får framstilt desse utan filter og utan ein overberande subjektiv forteljar. Lesaren får oppleve dramatiske hendingar samstundes som familien, og får prøvd ut nye og gamle løysingar på eit varig og særslit utfordrande problem. Både karakterane og leseren må lære at det ikkje finst noko løysing som er perfekt for alle, og det i ein så unik familiesituasjon, ikkje finst noko *happy ending* som faktisk gjer at alle er *happy*. Ein må gjere det som er best for fleirtalet, og i *Uønska åtferd* er det at Jostein flyttar ut. Det er ein sår situasjon uansett kva ein gjer eller ikkje gjer. Den einaste løysinga på ein konflikt der alle lir, synest å vere å prioritere behova til den som har det verst, sjølv om dette heller ikkje naudsynleg resulterer i ein lukkeleg slutt.

## Litteraturliste

### Primær litteratur:

Nilssen, O. (2023). *Uønska åtferd*. Samlaget.

### Sekundær litteratur:

Andersen, P.T. (2016). Fortelling og følelse: En studie i affektiv narratologi.

Universitetsforlaget.

Andersen, P.T., Mose, G. & Norheim, T. (Red.). 2012. *Litterær analyse: En innføring*. Pax forlag.

Berman, J. (2020). *The Art of Caregiving in Fiction, Film, and Memoir*. Bloomsbury.

DeFalco, A. (2016). *Imagining Care: Responsibility, Dependency, and Canadian Literature*. University of Toronto Press.

Gitlesen, J. P. (2016, 25. oktober). *Elin Ørjasæters ulykkelige barndom*. Norsk Forbund for Utviklingshemmede.

<https://www.nfunorge.org/Om-NFU/NFU-bloggen/Elin-Orjasaters-ulykkelige-barndom/>

Helsenorge. (2023, 11. august). *Autisme*.

<https://www.helsenorge.no/sykdom/utviklingsforstyrrelser/autisme/>

Johannessen, J. (2016, 18. november). «Jeg skriver dette i angst for at min mor skal lese det og bli såret». *Morgenbladet*.

<https://www.morgenbladet.no/ideer/debatt/2016/11/18/jeg-skriver-dette-i-angst-for-at-min-mor-skal-lese-det-og-bli-saret/>

Nesby, L. H. (2023). Curografi: Innflytelse og løsrivelse i pårørendefortellingen som genre og

i Hanne Ørstaviks *ti amo* (2020). I N, Simonhjell & B, Jager (Red.), Norsk litterær årbok: Ny norsk novellekunst, Økolitteratur, Nordisk råds litteraturprisar (s. 219-239). Samlaget.

Norsk Helseinformatikk. (Sist oppdatert: 2022, 15. november). *Psykiske reaksjoner etter seksuelle overgrep*.

<https://nhi.no/forstehjelp/akuttmedisin/diverse/psykiske-reaksjoner-etter-seksuelle-overgrep>

Omsorg. (u.å.). I *Bokmålsordboka og Nynorskordboka*. Henta 10. mars 2024 frå

<https://ordbokene.no/nob/bm,nn/omsorg>

Pasient- og brukerrettighetsloven. (1999). Lov om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven). LOV-1999-07-02-63. Lovdata.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63?q=pasient-%20og%20bruker>

Seksuallovbrudd. (2009). *Lov om straff (straffeloven)* (LOV-2005-05-20-28). Lovdata.

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL\\_2-11#KAPITTEL\\_2-11](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL_2-11#KAPITTEL_2-11)

Simonhjell, N. (2023). «men nåken må nå gjer det». *Nordic Journal of Arts, Culture and Health*, Volume 5, No. 1-2023, s. 1-14.

<https://doi.org/10.18261/njach.5.1.2>

Skøelv, L. (2020). Olaug Nilssen: - Jeg har følt mye skam. *Tara*.

<https://tara.no/kultur/olaug-nilssen-jeg-har-folt-mye-skam>

Tronto, J. C. (1993). *Moral Boundaries: A Political Argument for and Ethic of Care*. Routledge.

Ørjasæter, E. (2016, 21. oktober). Elin Ørjasæter om å vokse opp med en autistisk bror. *Morgenbladet*.

<https://www.morgenbladet.no/pafyll/2016/10/21/elin-orjasaeter-om-a-vokse-opp-med-en-autistisk-bror/>

Ørjasæter, E. (2023. 13. oktober). Elin Ørjasæter: Alle vil se Tangerudbakken, ingen vil se Virkeligheten. *Morgenbladet*.

<https://www.morgenbladet.no/ideer/kronikk/2023/10/13/elin-orjasaeter-alle-vil-se-tangerudbakken-ingen-vil-se-virkeligheten/>

Åtferd. (u.å.). I *Bokmålsordboka og Nynorskordboka*. Henta 23. april 2024 frå

<https://ordbokene.no/nob/bm,nn/atferd>

